

**Bli medlem i UU og vinn festivalpass!**

02.07.2009

**Hvis du teiknar deg som støtte medlem av Uskedalen Utvikling innan slutten av neste veke, blir du med i trekkinga av to festivalpass til Festidalen, fristar leiar Gunnar Myklebust i UU.**

Og kvifor bør du så bli medlem av Uskedalen Utvikling?

Då støtter du ei god sak til beste for bygda.

Føremålet med UU er å få til samarbeid og utvikling. Eit allsidig næringsliv og eit aktivt bumiljø er to av målsettingane.

Her er to 'knaggar' som du kan satsa på:

\* Uskedalen Utvikling eig Gamleskulen og der kan du treffe kjende på TI-aren Cafe kvar tysdag.

\* Uskedalen Utvikling står bak uskedalen.no der du kan halda deg oppdatert om det som skjer.

Medlemsskap sikrar du deg ved å senda ein giro til nummer 3460 0752350

Det kostar berre 150 kroner.